

# Utleigevilkår

## *Den «vanskelege» aldersperioden; 18 – 25 år*

- På oppmoding frå politiet har vi valt å setje som regel at lågaste alder for utleiger til personar er 25 år. (Dette gjeld fødselsdagar, vennefestar og arrangement der det vert brukt alkohol).
- Grunnen til dette er at det har vore ein del festar som har kome ut av kontroll og at det har blitt skjenka alkohol til ungdom under 18 år.
- Det kan gjerast unntak frå aldersregelen og kravet er då at det er foreldre, søsken eller andre over 25 år som står som ansvarleg arrangør og leigetakar.

## *Offentleg forsamlingshus*

Heiarvang grendahus er eit offentleg forsamlingshus og leigetakarane pliktar å følgje politivedtektene for Askøy kommune. Det betyr at leigetakar er ansvarleg for

- at arrangementet føl det føremålet som er avtalt
- å undersøkje med politiet på Askøy om krav til vakthald og anna
- å søkje ambulerande skjenkeløyve frå Askøy kommune dersom det skal seljast / serverast alkohol
- å gjere seg kjend med brannforskriftene (IK-forskriften -> finst som plakat på veggen ved kjøkkenet.)

## *Særskilt brannobjekt*

- Huset er definert som særskilt brannobjekt. Det betyr at vi som er utleigar pliktar å følgje krav frå branntilsyn og å informere leigetakarane om kva brannførebyggjande og branntekniske tiltak som er i huset.
- **Det er ikkje automatisk brannvarsling i huset. Ved brann skal leigetakar sørge for at folk evakuerer huset snarast mogleg, ringje Brannvesenet – tlf. 110 og prøve å sløkkje brannen med dei midlane som finst i huset.**
- Brannslange (30 meter) finst i skap i trappeoppgangen ved scenen.
- Brannsløkkjingsapparat (skum) er plassert ved scenen og ved naudutgangane i hovudsalen og ved utgangsdørene i kjellarsalen.
- Brannteppe heng på kjøkenveggen i nærleiken av komfyren.
- Røykvarslarar er plassert i kjellarsal og i trappeoppgang i sør.

## *Leigetakar kan bli gjort ansvarleg for*

- å dekkje kostnader for skadeverk som vert gjort under arrangementet.

## Avlysing

- Dersom leigetakar vil avlyse arrangementet, skal Heiarvang ha beskjed så snart som mogleg.
- Send helst e-post eller SMS slik at du har dokumentasjon.
- Pass også på at du får svar frå oss.
- Dersom du ikkje møter opp og ikkje har gitt melding vil vurdere om vi vil kreve erstatning for tapt husleige.

### Slik vil vi ha det

#### *Før du skal ha festen*

- Skal du ha privat arrangementet i kjellarsalen, treng du normalt ikkje søkje om skjenkeløyve frå kommunen.
- Skal du bruke salen oppe, må du vurdere om du skal søkje. Vi kan gi nærare forklaring om du lurar på dette eller du kan ta kontakt med Askøy politistasjon (tlf. [56 15 21 60](tel:56152160), eventuelt: [post.vest@politiet.no](mailto:post.vest@politiet.no) ) og spør.
- Har du festen oppe og det vert meir enn 50 gjestar, bør du søkje om skjenkeløyve. Søknaden til kommunen utløyser også at dei varslar politiet.
- Kontakt oss i rimeleg tid førevegen om kva tid du vil ha tilgang til huset.
  
- Søknad om skjenkeløyve kan gjerast frå kommunen sin nettportal: <https://askoy.kommune.no/alkohol-salgs-og-skjenkebevillinger>
- Politivedtektene for Askøy kommune finst på Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2001-07-06-787>

#### *Når du kjem til huset*

- Du vil få tilsendt ein kode til hovedøren som er under taket på sms og e-post som vil kun virke i leigeperioden.
- Om det er noko som ikkje er som det skal vere, for eksempel at tidlegare leigarar ikkje har gjort bord og stolar reint etter seg, - gi beskjed til oss med ein gong. Det er vanskeleg å ta standpunkt til dette etterpå.
- Vi møter deg og går gjennom det som du treng å vite om lys og varme, bruk av oppvaskmaskin og anna som er relevant.
- Vi har plikt til å informere deg om brannsløkkingsutstyr og rømningsvegar når du får tilgang til huset. -> Du har plikt til å gi denne informasjonen vidare til gjestene dine.
- Boss-sekkar, toalettpapir, klutar og kjøkkenhanddukar er vårt ansvar og er lagra i huset.

### *Når du går frå huset*

- Du skal rydde i salen etter deg, vaske bord og stolar og setje dei tilbake på lagringsplassen sin.
- Om du har brukt kjøkkenet skal du vaske opp og rydde etter deg. Brukte klutar og handdukar skal samlast på kjøkkenet (ikkje leggjast inn på vaskerommet).
- Kjøkkenavfall, papirdukar og anna boss skal leggjast i boss-kontainaren utanfor huset.
- Flasker og glas må du sjølv sørge for å levere i oppsamlingskontainer. (Den næraste er ved bensinstasjonen på Fromritoppen.)
- Du har ansvar for å sjekke at alle fem dørene i huset er låst når du går frå huset.
- Vi tek utvask etter festen og tømmer bosset på toaletta..
- Dersom det ikkje er rydda godt nok eller ikkje vaska bort oppkast og søl etter festen kan det hende vi krev betaling for ekstraarbeid for reinhaldspersonalet.
- Når det er rydda i- og rundt huset etter festen skal du kontakte oss, slik at vi eventuelt kan treffast og bli samde om det er rydda godt nok.